



Frivillighet Norge
St.Olavsgt. 25
0166 OSLO

Dato: 23.09.2014
Vår ref.: 2014/19557-4
Saksbehandlar: annjoha
Dykkar ref.:

Hordaland fylke sin kandidat til Den Nasjonale Frivillighetsprisen 2014

Vi har fått oversendt liste frå dykk over kandidatar i Hordaland fylke, som er foreslått til frivillighetsprisen 2014.

Vårt politiske utval, Kultur- og ressursutvalet i Hordaland sette ned ein komité på 3 medlemmer til å innstilla kandidat til frivillighetsprisen 2014. Kandidatane vart vurdert opp mot Frivillighetsprisen sitt føremål: *«Prisen skal gis til en initiativrik person, lokal forening eller gruppe som har utmerket seg med frivillig innsats, engasjement og pågangsmot til beste for den enkelte og/eller samfunnet. Prisen kan gis på grunnlag av en persons, lokal forenings eller gruppes frivillige innsats over lengre tid eller i et tidsavgrenset prosjekt.»*

Komiteen, ved leiar Anne Beth Njærheim har innstilt Lindåstunets venner som kandidat frå Hordaland:

Grunngjeving:

«Lindåstunet er ein privat omsorgsinstitusjon med plass til 14 bebuarar. Dei fleste av desse har mykje nedsett funksjonsevne. Lindåstunet er eit supplement til det offentlege omsorgstilbodet. Pr. i dag bur der 8 eldre på Lindåstunet. Gjennomsnittsalderen er om lag 92. I tillegg kjem det 10 -15 dagbrukarar kvar veke. Desse kjem frå heile Lindås kommune. Dei vert henta med minibuss heime kvar morgon og køyrde heim om ettermiddagen. For nokre er avstanden tur/retur over 70 km. Transporten er utført av frivillige sjåførar, 6 - 7 pensjonistar.

Lindåstunets venner. Mykje av arbeidet på Lindåstunet er organisert som dugnad av frivillige. Slik vert Lindåstunets venner ei støtteforening som tek sikte på å hjelpa til med dugnadsarbeid. Dagopplegget på Lindåstunet består av trim/teining, både individuelt og i grupper. I tillegg vert det gjennomført trivselstiltak som underhaldning, små turar i nærmiljøet m.m. For dei fleste av brukarane er dette det einaste tilbodet dei kan vera med på og det er viktig for dei at dei kjem seg ut i det minste ein gong for veka. Det er såleis ingen tvil om at aktivitetane på Lindåstunet er med på å betra livskvaliteten deira.

Lindåstunet har sidan starten i 2004 vore heilt avhengig av det frivillige arbeidet. Dei første åra låg dugnadsinnsatsen på 10- 11.000 timar årleg. Dei fleste som engasjerer seg, er pensjonistar. Det frivillige arbeidet på Lindåstunet kan summerast opp slik: - Transport av eldre på dagtid - Matlaging (også middag) fleire dagar i veka. - Supplering av vakter saman med tilsette. (Særleg kveldsvakter og helg) - Administrasjon (rekneskap m.m.) - Hagearbeid, Lindåstunet har stort parkanlegg som må vedlikehaldast - Vedlikehaldsarbeid på bygningar - Underhaldning, kultur - Arrangering av turar For tida utgjør det frivillige arbeidet mellom 2 og 3 årsverk.

Situasjonen i dag. Framtida for Lindåstunet er usikkert. Lindås kommune har vedteke å avvikla samarbeidet med Lindåstunet, den økonomiske støtte fell då bort. Grunngjevinga er at EØS- reglar om konkurranseutsetting ikkje er følgde. Det er også branntekniske tilhøve som gjer at overnattingsplassane må stengjast i løpet av hausten 20014. Pensjonistforbundet Hordaland som står bak denne nominasjonen,

har følgt Lindåstunet og arbeidet til dei frivillige i mange år. Vi er full av beundring for den unike innsatsen dei frivillige eldsjelene gjer. Når det no buttar imot, fortener dei nominasjonen meir enn nokon gong. Det er meint som ei oppmuntring til å stå på vidare, men samstundes som ei stor takk for nedlagt arbeid gjennom mange år. Vi konstaterer at det no framstår som ei vanleg meining at samfunnet ikkje maktar å møte den sterke auken av eldre i åra framover utan at frivillige trår til. Det må difor vera viktig å visa til gode eksempel på frivillig innsats og då framstår Lindåstunet som eksemplarisk. Dei syner veg der både dei hjelpete og hjelparane får mykje igjen. (vinn- vinn) Pensjonistforbundet Hordaland er stolt over å nominera Lindåstunet til frivilligprisen.»

Vi vonar at Den Nasjonale Frivillighetsprisen 2014 går til Lindåstunets venner.

Venleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Anne-Britt Johannessen
Spesialkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.